

REFERAT FRÅ STYREMØTE i Iveland Idrettslag 26.01.2011.

Tilstades: Tomas, Evelyn, Kåre, Arnulf, Unni, Marit.

Sak 2011/7: Idrettsregistreringa. Evelyn treng namn og fødselsnr. på alle som deltek på treningane. Hugs også å krevja inn medl.pengar for alle.

8: Årsmøtet: Marit sender innkallinga til Finn Terje og Bjørn Arild for å få det inn på kommunens og idrettslagets heimesider. Alle gruppene sender årsmelding, rekneskap og budsjett til Tomas/Marit/Evelyn.

9: Årsmeldinga: Få info om idrettsmerkeprøvane frå Olav Engestøl.

10: Medlemspengane: Styret gjer framlegg om å auka medlemspengane for eit barn frå kr. 50 til kr. 100. Det er uansett ein liten sum som ikkje vil gjera den store forskjellen ein familie.

(Dette vart likevel ikkje tatt med og presentert for årsmøtet, så det må ev. opp på årsmøtet neste år).

11: Lotteriet: Gjera forandring til neste gang: Få bøkene ut tidlegare slik at dei kan liggja ei veker tid hjå seljaren.

12: Søknader om økonomisk støtte frå idrettslaget:

Det er kome søknader frå:

- Kathrine Håverstad
- Kristine Berge
- May Britt Berge

Vedtak: Idrettslaget løyver kr. 10.000,- til kvar av dei tre.

Tomas skriv brev til dei tre søkjarane om dette.

I tillegg oppmodar idrettslaget Kristine og May Britt Berge til å søkja kommunen om økonomisk støtte (på tils. kr. 15.000,-) til satsinga si.

Fordelingsnøkkel: Styret har tidlegare vore inne på at laget bør ha ein fordelingsnøkkel når det gjeld å gje økonomisk støtte til enkeltutøvarar. Styret vil sjå nærmare på dette.

13: Fotballgruppa: Det er problem å få trenarar til dei aldersbestemte laga. Me er ikkje kome dit enda at me bet. trenarane, men idrettslaget dekkjer trenarkurs o.l. Når det gjeld seniorlaget, menn og damelaget så må det jobbast med å få økonomien inn i hovudlaget og få bort dei mindre kontoane i gruppene, evt. merka kontoane med at dei tilhøyrrer gruppa.

14. Berefjellløpet er den 13. mars. Det er kjøpt inn premiar til løpet.

15. Ein journalist i Fævennen, Rune Steinsland, vil skriva om idrettslaget. Tomas sender han stikkord om det som skjer i laget (innetrening fotball, innetrening Vatnestrøm, idrettsplassen, skiløypene).

16. Idrettslaget ønskjer å få ein ny overtrekkdress som kan bli felles for alle i klubben. Unni jobbar vidare med å finna ein høveleg dress hjå Trimtex som kan verta ein rimeleg dress til utøvarane, ved hjelp av økonomisk støtte frå sponsorar.

MF